

Slik feirar vi bryllaupsfest

Ordninga for vigsel er trykt som eigen trykksak. Men det kan vere bruk for nokre praktiske opplysningar:


Det er viktig å halde tida og vere presis. Når brudeparet, evt. brura saman med far eller annan representant for familien, kjem til kyrkja, vil klokkene normalt ringje nokre minutt før bryllaupsmarsjen.

Det er valfritt om brudeparet vil komme inn i kyrkja saman, eller om ein representant frå familien, som regel far, fører brura til altars. Er det siste tilfelle, har brudgommen funne sin plass i koret nokre minutt før vigsla tek til. Det same gjer forlovarane. Brudgommen bør helst ta imot brura der korrappa byrjar.

Dersom brudeparet ynskjer å gjere bruk av ordninga med å setje på ringane i vigsla, gjer ein avtale om det i vigselssamtalen.

Eit brudepar er eit godt motiv, men samtidig kan **fotografering** vere svært forstyrrende, særleg når ein brukar blitz og 'motoriserte' kamera. Det viktigaste ved ei slik høgtideleg handling er å vere deltakar og ha ei god oppleving, og ikkje berre eit godt bilete etterpå. I kyrkja bør ein difor ikkje fotografere under ei gudstenesteleg handling.

Videokamera kan brukast, utan ekstra lys, dersom ein fotograferer frå ein av kyrkjebenkene, eller frå galleriet. Ved inngang og utgang er det fritt for å fotografere som ein vil. Det er ynskjeleg at bryllaups-gjestene blir gjort kjende med dette.



MEIR INFORMASJON: www.kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA

Nordfjord prosti

Seniorprest Sigurd Vengen

Breimsvegen 13, 6823 Sandane

e-post: sigurd.vengen@gmail.com tlf: 48096093

...med Gud og godt humør...

Eit lite brev om VIGSEL og BRYLLAUP



Bryllaup er fest! Å førebu bryllaup er difor spennande og fint. I denne brosjyren blir det informert

litt om kva ekteskapet er

litt om førebuinga

litt om bryllaupsfesten i kyrkja

Ekteskap - Guds vilje og gåve

Det er Skaparen sin gode vilje som skjer når ein mann og ei kvinne finn og vinn kvarandre. Det er Skaparen som har gitt og gjev kjærleikens gåve og evne. Det er også Skaparen sin gode vilje at dette kjærlege samlivet skal levast i ordna form.

Dette blir uttrykt slik i vigselfordninga vår: *Gud har skapt oss til å leva i samfunn med han og med kvarandre. Han har ordna det såleis at mann og kvinne skal vera eitt, og han har stadfest denne sameininga med si velsigning. Ekteskapet er Guds gode gåve. Å leva saman som mann og kvinne er å leva i tillit og kjærleik, dela gleder og sorger og trufast stå attmed kvarandre livet ut.* Det er Gud som har skipa ekteskapet, og det er Guds gode gåve, til glede og hjelp for mann og kvinne.

Samlivet mellom mann og kvinne er ei djupt personleg sak, men det er ikkje ei privatsak. Samlivet mellom mann og kvinne har umiddelbare sosiale konsekvensar. Å inngå i ekteskap er å etablere ei ny grunneining i samfunnet. Jesus stadfesta denne ordninga då han sa: *Mannen skal skiljast frå far sin og mor si og halde seg til kona si, og dei to skal vere eitt.* (Matt 19,5)

Dette har også å gjere med den seksuelle sameininga mellom mann og kvinne. Etter allmenn kristen etikk blir ekteskapet "fullbyrda" gjennom det seksuelle samlivet. I vår tid har mange valt å leve saman på prøve, i avtalt samliv eller i sambuarskap, og slik teke ekteskapet på forskot. Frå kyrkja si side vil dette ikkje bli sett på som rett eller tilrådeleg. Men å ta konsekvensane av dette og inngå i ekteskap, det er utan tvil rett.

Ekteskapsinngåing skjer ved at kvinne og mann offentleg gjev lovnad til kvarandre om at dei vil leve saman i livslangt samliv, og at dette vert erklært som gyldig ekteskap av ei godkjend borgarleg (sorenskrivar) eller kyrkjeleg styremakt (prest). Juridisk er dei to formene like.

Kyrkjeleg vigsel er samansett av to hovudstykke:

- 1) juridisk ekteskaps-stifting, og
- 2) forkynning av Guds ord og forbøn.

Ektepar som har gifta seg borgarleg, kan sidan be om forbøn i kyrkja.

Vigsel av fråskilde er ei omdiskutert sak i kyrkja. Ein prest har ikkje plikt til å vie fråskilde. Det inneber at det ikkje blir sagt enkelt ja eller nei til vigselfordninga, og det må vere tid til fleire samtaler om ein finn det nødvendig.

Slik førebur vi bryllaupsfest

Vigselfordninga er ein samtale mellom brudeparet og den presten som skal ha vigselfordninga. Samtalen har eit personleg preg. Den bør som regel komme seinast 14 dagar før vigselfordninga. Når nokon planlegg å gifte seg, bør dei difor i god tid ta kontakt med presten der ein ønskjer å gifte seg. Ein kan rekne med å få gjort avtale om dato lang tid på førehand, men klokkeslettet blir som regel ikkje endeleg fastsettast før ca. 3 mnd. før vigselfordninga.

Prøving av ekteskapsvilkåra blir frå 01.10.04 gjennomført av *Folkeregisteret*. Her vil ein få nødvendige skjema og informasjon. Original prøvingsattest må ligge føre hos soknepresten der ein skal ha bryllaupet i god tid og seinast 14 dagar før vigselfordninga.

Musikk og salmeval skal godkjennast av organist og prest. Ved ei vigselfordning brukar vi vanlegvis 3 salmar. Ynskje om salmar og evt. solosong, musikk og symbolhandlingar tek brudeparet opp med presten og gler nødvendige avtaler.

Det er utarbeidd liste med framlegg til salmar. Brudeparet kan ta kontakt med organisten for å komme med ønske om musikk til inngang og utgang. Dette må skje i god tid. Om ikkje noko er avtalt, vel organisten sjølv høveleg musikk. Organisten skal vurdere og godkjenne ekstra musikk/solosong, medan presten tilsvarande skal vurdere og godkjenne tekstane. Dersom det i tillegg er ønske om at organisten skal akkompagnere, må det skaffast notar og avtalast tid til øving i god tid før vigselfordninga.

Pynting av kyrkja er brudefolka sitt eige ansvar. Det er bra å halde seg til ein litt nøktern stil. På altaret bør det ikkje vere meir enn dei vanlege lysa og to blomstervasar. Heller ikkje altarringen må pyntast, utan etter nærare avtale med presten som har vigselfordninga. Ein må gjere avtale med det lokale kyrkjekontoret for evt. lån av nøkkel til kyrkja. Når det er fleire bryllaup same dagen, er det vanleg at ein samarbeider om pyntinga og deler på kostnaden.

